

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR
GNR. 41 BNR. 6, 2, 61 OG 99 I HERVIK.

§ 1 Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

Byggeområder.

A. Områder for bustadbygging.

§ 2 Det vert berre tillate oppført frittliggjande einebustader på 1 etasje med grunnmur ikkje over 70 cm. Der terrenget etter bygningsrådet sitt skjønn ligg til rette for det, kan det tillatast innreia underetasje i samsvar med føresegnene i byggeforskriftene. I tillegg kan det tillatast garasje.

§ 3 Bygg skal plasserast innanfor tillate byggjeområde på tomta. Retninga skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 4 Det kan byggjast på inntil 1/5 av nettoarealet av kvar einskild tomt, i tillegg kjem garasje.

§ 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Bygningsrådet kan tillate oppført frittliggjande garasje dersom forholda tillet det. Garasje kan berre oppførast i 1 etasje med grunnflate ikkje over 40 m². Garasje kan innanfor bestemmelsane i byggeforskriftene oppførast i nabogrensa.

Dersom bygningsrådet finn det tilrådeleg, kan garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant. Den endelege plassering av garasjen vert fastsett av bygningsrådet. Plassering av garasje skal visast på situasjonskart ved byggjemelding av bustadhus, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig som dette.

I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass for 1 bil på eigen grunn.

§ 6 Bygningane skal ha saltak eller valmtak. Takvinkelen vert fastsett av bygningsrådet, som kan krevja at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.

Landbruksområder.

§ 7 Området skal nyttast til landbruk Bygningar og faste anlegg eller innretningar, kan berre tillatast når dei har direkte tilknytning til drift av landbruksareala. Innanfor dei regulerte landbruksareala kan det ikkje delast frå tomter til utbyggingsformål. Kårhus kan berre tillatast når det er driftsøkonomisk forsvarleg med meir enn ein bustad på bruket.

Driftsbygningar kan ikkje nyttast til industriell verksemd som ikkje har direkte tilknytning til landbruk.

Friområder.

- § 8 I friområde kan bygningsrådet med formannskapet sitt samtykke, tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder, og som ikkje vil vera til hinder for området sitt bruk som friområde.
Leikeplassar skal opparbeidast i takt med utbygginga.

Spesialområder.

- § 9 På det innteikna spesialområdet skal det oppførast bygningar i samanheng med reinseanlegg. Dette skal i størst mogleg grad leggest ned i terrenget, og val av materialer og utføring skal godkjennast av bygningsrådet.

Fellesføresegner.

- § 10 Det er ikkje tillate med private avkjørsler til nåverande Fv. Det samme gjeld andre vegar som etter bygningsrådet sitt skjønn kan få ein slik trafikkbelastning at det kan oppstå fare.
- § 11 Innanfor dei viste frisktliner i vegkryss, skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm. over dei kryssande vegar sitt planum.
- § 12 Innhegningar skal i same vegflukt vera av likt materiale og ha samme høgd. Gjerde skal ikkje vera høgare enn 0,8 m over vegplanum. I skjering og fylling kan bygningsrådet fastsetje annan høgd. Utforming, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.
- § 13 Forstøttingsmurar langs vegar er ikkje tillate. Dersom særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet godkjenne forstøttingsmurar og setje krav til høgd, utforming og farge.
- § 14 Bygningsrådet kan fastsetje utvendig material- og taktekkingsmateriale, og kan krevje at grupper av hus skal fargesetjast etter ein samla plan.
- § 15 Når særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnene innanfor ramma av bygningslovgivinga.
- § 16 Ein bør i størst mogleg grad søkja å bevare eksisterande terreng.